



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

1/2026

MARS • ÅRGANG 33

Nytt system- betre sortering

Les meir på side 4.

Gratis bioposar

Les meir på side 6.

Ditt avfall – ei brannfelle?

Denne overskrifta hadde me i SIM-nytt for fire år sidan. No skjedde det. Vår frykt vart dverre verkelegheit 30. januar og 12. februar i år.

Les meir på side 2 og 3.

Ditt avfall – ei brannfelle?

Denne overskrifta hadde me i SIM-nytt for fire år sidan. Me minna igjen om den store risikoen for brann i avfall ved feilsortering i SIM-nytt i fjor med overskrifta «Er du ein risiko for nabolaget?». Vår frykt vart diverre verkelegheit 30. januar og 12. februar i år.

Starta i restavfallet

Fredag 30. januar opplevde me det som er alle avfallsanlegg sin store skrekk, at det skal ta fyr i hallen der avfallet vert lasta om. Me kan ikkje seia sikkert kva det var som starta brannen, men det me kan seia med sikkerhet er at brannen starta i restavfallet frå ein miljøsentral. Nokon har altså kasta noko i ein konteinar som absolutt ikkje høyrde heime der, og dette utløyste brannen.

Lite batteri – stor skade

Er du ein av dei som tenkjer at eit lite batteri i restavfallet kan vel ikkje vera så farleg? Då tek du feil. Det er nok med eit lite batteri for å starte ein stor brann.

Den enkelte sitt ansvar

Eit avfallsanlegg tek i mot alle innbyggjarane sitt avfall og har ansvar for gode rutinar og system som skal hindre utvikling og skadepotensial dersom ein brann oppstår. Men kvar og ein har eit ansvar for å bidra til at brann ikkje oppstår. SIM har ikkje mulighet for å leite etter eit lite batteri i fleire hundre

tonn med avfall som kjem inn til våre anlegg kvar dag, kvar veke, heile året.

Lett å gjera rett

Me må stole på at innbyggjarane sorterer rett og leverer avfallet sitt der det høyrer heime. I Noreg er det lagt

til rette for svært gode ordningar for levering av avfall. Dei mest risikofylte avfallstypene er til og med gratis å levere inn for private, slike som batteri, farleg avfall og elektrisk avfall. Likevel kastar folk dette i restavfallet. Likevel utset folk seg sjølv og andre for stor risiko ved å gjere det. Det kan vera naboen din, det kan vera nokon du kjenner eller kanskje du gjer det sjølv. Difor oppstår det brannar i avfallsanlegg.

Brann i konteinar

Torsdag 12.februar skjedde det igjen, denne gong oppstod det brann i ein konteinar med EE-avfall. Og denne gong fekk me prov på kor viktig det er at slikt avfall hamnar på rett stad. Brannen vart utløyst av ein batteridrill som tok fyr. Skadeomfanget vart svært avgrensa, då drillen var levert inn og plassert der den skal plasserast. Dermed var det ikkje vanskeleg for brannvesenet å få kontroll på brannen og slukka den.



Brannen viser oss kor lite ein veit om kva skadar batteria og det elektriske avfallet me omgjev oss med har. Og dermed kor stor risiko dei inneber.

Haldningsendring

Kvar og ein må ta faren ved denne typen avfall på alvor. Bruken av gjenstandar som brukar batteri eller går på straum er enorm, og dermed aukar og ansvaret på den enkelte. Det må ei haldningsendring til der dette avfallet vert levert der det skal leverast.

Batteri, mobiltelefonar, sparkesyklar, PC-ar, radioar og farleg avfall.

Lista er lang over produkt som er potensielle brannfeller dersom du kastar det i restavfallsdunken, på miljøsentralen i feil konteinar eller andre stader det ikkje høyrer heime.

Kvifor?

Det er ikkje SIM, eller kommunen eller andre som kan hindre at slikt avfall kjem på av-veie. SIM og andre aktørar i bransjen kan leggje til rette for gode innsamlingsordningar og at me prøver å oppdage avviket, ETTER at det er kasta feil. Og det kan vera vanskeleg. Det er den enkelte forbrukar som har den største påverknaden OG det største ansvaret for at alt avfall vert levert på rett plass.

- Når avfall vert komprimert, kneppa eller pressa saman, oppstår det eit trykk som kan føre til at det tek fyr. Inne i ein renovasjonsbil vert alt avfallet komprimert. Dermed er

Gjennomsiktig sekk

All erfaring viser at terskelen for å kaste miljøfarleg, eller brannfarleg avfall i dunkar eller sekker er lågare, dersom du trur du ikkje vert oppdaga. SIM har difor eit krav om levering i gjennomsiktige sekker på våre miljøsentralar, og kontroll av avfallet som vert kasta i dunkane. Farleg avfall eller EE-avfall skal sendast til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vera materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.



Det er alltid litt restenergi igjen i brukte batteri. Her kjem fem råd til deg for kva du kan gjera for tryggare handsaming av denne typen avfall:

1. Ikke kast brukte batteri i dunkane! Det kan føre til brann i dunken, renovasjonsbilen eller på mottaksanlegget. Dei siste fem åra har det oppstått meir enn 200 brannar i norske avfallsanlegg. Batteribrannar inneheld mye energi og er vanskelege å slokke.
2. Teip polane på batteria og finn ein «branntrygg» behaldar du kan oppbevare dei i. Til dømes eit stort syltetøyglass med lokk. Då reduserar

potensialet for brann stor, dersom du kastar batteri eller anna EE-avfall i dunken din, eller på ein miljøsentral.

Rett sortering

Rett sortering er med på ta ned risikoen for brann i renovasjonsbil eller avfallsanlegg.

Dersom alt EE-avfall og farleg avfall vert levert på rett stad, vert risikoen for

Teip over polane på batteria før du leverer til godkjent mottak.



du risikoen for at batteria kortsluttar i kontakt med kvarrandre eller med andre metall. Ein gnist er nok til å starta ein brann.

3. Levør inn øydelagte elektrisk produkt til godkjent mottak. Skade på batteri eller elektriske produkt er ein av hovedårsakene til at batteribrannar oppstår. Andre årsakar kan vera feil under produksjon, eller teknisk svikt som fører til at ladinga ikkje stoppar når batteriet er fullada.
4. Det er gratis å levere elektrisk avfall (EE-avfall) og batteri på våre miljøsentralar og i butikkar som sel tilsvarende produkt som du skal kaste.
5. Ta ansvar for ditt eige avfall og ta brannfaren ved utrangerte batteri og elektriske produkt på alvor.

brann, og skade for miljø, menneske og dyr kraftig redusert.

Dette er avfall som kan sjølvvante og som dermed utgjør ein brannfare, både i dunken din, i ein renovasjonsbil og i våre avfallsanlegg. I tillegg er dette er avfall som inneheld miljøgifter, og som skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall til eit godkjent mottak.



Kva konsekvensar har dette for meg som kunde?

Ikkje anna enn at du i staden for å bruke svarte sekker til å levere restavfallet i, så må du bruke blanke sekker.

Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?

Nei. Desse sekkene er berre for plastemballasje. Dersom SIM skal dele ut sekker til alle vil det medføre ein ekstra kostnad for abonnentane.

Kva gjer eg dersom eg kjem på miljøsentralen med svart sekk?

Dersom du kjem med ugjennomsiktlege sekker vil du bli sendt bort frå miljøsentralen for å pakke om.

Nytt system – betre sortering

Frå april 2027 startar SIM innføring av eit nytt gebyrsystem ved tømming av restavfallsdunken hjå abonnentane våre. Systemet skal «premiere» dei som er gode på sortering av restavfall. Du kan påverke pris ved å velja kor ofte du set ut restavfallsdunken.

Fakturering etter den nye ordninga startar i 2028.

Kvifor informerer de om dette allereie no?

Årsaka til at me allereie no informerer deg som abonnent er at me har starta merking av dunken din allereie i år, slik at me vert ferdige til oppstarten i 2027.

Kven skal merke dunkane?

Merkinga vil gjennomførast av renovatørane våre og dei vil vera kledde i arbeidsklede med SIM-logo og profil og dermed lette og kjenne att.

Kva skal eg som abonnent gjere?

I denne fasen er det viktigaste du som abonnent kan gjere er å logge deg inn på «Mitt SIM» (skann QR-koden) og sjekke at dunknummeret som er knytt til ditt abonnement, stemmer med det som står på dunkane dine.



Nummeret finn du på loket og i «MittSIM».

Kva gjer eg om nummeret ikkje stemmer?

Då kan du sjekke med naboar om de har teke feil dunkar. Sjå etter DIN dunk ved neste tømming. Lok utan nummer kan merkast med adresse.

Kva om eg bur i eit burettslag/sameige?

Då er det leiar i burettslaget som har tilgang til «Mitt SIM» og kan sjekke dunkane.

Kva vil dette ha og seia for gebyret?


Me er no heilt i oppstarten av prosjektet og endelege tal må kvalitetssikrast før full gjennomføring. Som i resten av renovasjonsordninga vil kostnadene bli dekte gjennom renovasjonsgebyret.

Renovasjon blir drive etter sjølvkostprinsippet, noko som betyr at gebyra skal dekke faktiske kostnader, ikkje gi overskot. SIM er blant dei rimelegaste selskapa i landet med tanke på gebyrkostnader.

Vil det bli dyrare for meg som abonnent?

Dersom ein husstand set ut restavfallet kvar gong det er tømming, vil det kunne koste meir enn i dagens ordning. Årsaka er at i dag er restavfallet inkludert i eit fast gebyr med 26 tømningar i året. Det vil seia at sjølv om du har mykje eller lite avfall så betaler du det samme, kostnaden vert delt likt på «alle», med storleik på dunken som einaste prisdifferanse.

Den nye modellen legg opp til at **du skal betale per gong du set ut restavfallsdunken**, inntil 26 gonger årleg, og ordninga legg dermed opp til ein større samanheng mellom det ein betalar, og den faktiske kostnaden for avfallet ein har levert.



Hensikta med ordninga er å motivere til betre sortering og mindre restavfall. Betre sortering gir lågare kostnad for den enkelte og meir materialgjenvinning. Endelege satsar blir vedtekne av kommunane før oppstart.

Kva om det no vert masse blåbrenning og kasting av bos andre stader?

Det å brenne restavfall eller drive med forsøpling er ulovleg og eit brot på Forureiningslova. Det å vera ueinig i noko, anten det gjeld høve prisar eller feil fartsgrenser, rettferdiggjer ikkje at ein kan bryte lover og reglar i samfunnet.

Kva om naboen byrjar å kaste avfall i min dunk?

SIM kan ikkje ta ansvar for korleis naboskapet i eigarkommunane fungerer. Det å snylte på andre sine dunkar og late andre betale for det ein sjølv har valgt å kjøpe og kaste, vitnar om dårleg dømmekraft.

Skal me få nye dunkar?

Nei, du skal ha dei same dunkane, ikkje færre, ikkje fleire.

Kvifor gjer de dette?

Vår plukkanalyse viser at mange ikkje sorerer rett. Stadig strengare nasjonale og internasjonale krav om å få meir av avfallet til materialgjenvinning fører til at me må gjennomføre tiltak for å nå desse måla.

Samstundes medfører ordninga ei meir rettferdig betaling, der du i større grad betalar for kostnaden som er knytt til restavfallet du faktisk leverer, i staden for at alle betalar like mykje uavhengig av kor ofte dunken vert tømd.

Korleis kan dette systemet føre til betre sortering?

SIM har ansvar, på vegner av kommunane, å innfri nasjonale og internasjonale krav når det gjeld grad av materialgjenvinning. Plukkanalysar me har gjennomført viser at berre om lag ein tredel av det som ligg i restavfallet



Her kan du sjå korleis dei ulike avvikslappane ser ut.

faktisk er restavfall. Det vil seia at me må gjennomføre tiltak for og få folk til å sortere betre. Gjennom dette systemet vil det vera eit økonomisk insentiv for å sortere godt. Du kan setje ut restavfallsdunken sjeldnare ved å sortere bedre eller kaste mindre, dersom du allereie er god på sortering.

Det å bruke betaling som motivasjon for og få mest mogeleg av avfallet i rette dunkar, veit me fungerer i andre renovasjonsselskap, som har innført dette systemet. SIM sin plukkanalyse frå 2025 viste at 2/3 deler av det som var kasta i restavfallet kunne vore kasta i andre ordningar. Det viser at me har eit stort potensiale til å få meir avfall ut av restavfallet og opp i dei andre sorteringsordningane.

Kva skjer dersom eg feilsorterer?

Det systemet er som i dag. Fyrste gong vil du få ein gul lapp på dunken din, men den vil bli tømt. Dersom feilsorteringa gjentek seg vil du få ein raud lapp på dunken og den vil ikkje bli tømt. Gå gjerne inn på *sortere.no* dersom du er i tvil om korleis du skal sortere.

Kva om systemet blir misbrukt?

SIM har stor tillit til at våre abonnentar brukar systemet rett. Det vil seia at;

- Dunken skal ikkje vere overfylt, og loket skal liggje flatt på dunken.
- Du kan ikkje stå over og ha overfylt dunk neste gong, dette vil bli merka som avvik. Bruk av strikk eller anna for å halde loket på plass på ein overfylt dunk skal ikkje forekomma.
- Det er ikkje tillate å redusere sitt eige restavfall ved å kaste det som høyrer i restavfallet i andre avfallstypar. Det øydelegg vidare behandling av det som skal gjenninnast. Dersom ordninga blir misbrukt, kan du få ei avviksmelding frå renovasjonen. Grov feilsortering kan føre til raud lapp med det same og at avfallet ditt ikkje blir tømt.

Kan eg levere restavfallet frå dunken på miljøsentralen?

Nei, restavfall som skal leverast til miljøsentralen er for grovavfall. Dessutan vil det bli dyrare.

Gratis bioposar

For å vera sikre på at alle våre kundar nyttar rett pose til bioavfallet har SIM innført utdeling av bioposar til eige forbruk. Betaling skjer gjennom renovasjonsabonnementet. Ordninga gjeld berre for våre abonnentar som har biodunk.

Ordninga fungerer slik:

- Alle kan hente nye maisposar på rull ved alle SIM sine miljøsentralar. Ein må oppgje adressa abonnementet er registrert på før ein får rullen.
- Alle våre abonnentar som har biodunk kan knyta ein tom maispose på **PAPIRdunken** og få utdelt ein rull med maisposar.
- Det er berre på papirdunken ein får utdelt posar frå SIM, anten det er sekker til plastemballasje eller bioposar.

Det er dermed berre bilen som tømmer papirdunken på hentedag for papir, som deler ut maisposar i ditt område.

Plast skal ikkje i dunken

Enkelte brukar handleposar av plast i biodunken. Dette vert ikkje brutt ned i komposteringsprosessen i det heile,

2

Du får utdelt ny rull med maisposar på loket ved henting av **papiravfallet**.

og etterlet seg plastbitar i det ferdige produktet. Dermed vert den ferdige kompostjorda øydelagt.

Tømer IKKJE dunken

SIM sine sjåførar har pålegg om å ikkje ta med seg dunkar der det i stor grad er feilsortert, eller er feil posar i dunken. Dersom feilsorteringa er alvorleg nok vert ikkje dunken tømt, og kunden vil få ein raud lapp på dunken.

For at du skal vera heilt sikker på at posen du brukar er godkjent, bruk SIM sine bioposar, kjøp posar med godkjent merking eller bruk papirpose.



1

Knýt ein tom maispose på papirdunken.

Visste du at?



SIM har ein eigen app som varslar deg kva dunk som skal ut kva tid. Du kan laste den ned gratis ved å søkje på «Mitt SIM» i **Google Play™** eller **App Store®**.



SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Du kan tilpassa abonnementet til ditt behov, be om større/mindre bosdunk, dela dunkar med andre eller kompostera heime. Du kan også sortera ut plastemballasje og glas- og metallemballasje og kostnadsfritt levera dette til miljøsentral/returpunkt.

5

Det kan ta opptil seks veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer «oppsamlingsheat» med utdeling av bosdunkar i enkelte kommunar kvar sjetste veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du henta ny sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melda frå til SIM på førehand.



Dunken skal tilbake til oppstillingsplassen etter tøming.



Dunken må ikkje fyllast så mykje at du ikkje får igjen loket. Då vert det forsøpla kring dunken, noko som trekkjer til seg skadedyr som fugl og rotter.



Dersom dunken ikkje er tømt kan du ringe **952 53 515**.



Vakttelefon slamtømming: **970 10 092**.

RETURPUNKT BERRE FOR HYTTEABONNEMENTAR:

Er du hytteabonnet hjá SIM?

Me opplever ved jamne mellomrom at returpunkta for hytter vert misbrukt av dei som **ikkje** har abonnement. Me minnar om at desse returpunkta er betalt av dei som har hytteabonnement.

Returpunkta som er plassert rundt om i eigarkommunane er berre for dei som har hytteabonnement i ein SIM- kommune. Dersom du ikkje har hytteabonnement har du heller ikkje rett til å bruke dette returpunktet.

Dersom du ignorerer dette og likevel vel å bruke returpunktet, då vel du samstundes å:

- La andre ta rekninga for ditt avfall
- Bryte reglane
- Auke kostnadane for dei som betaler

Returpunkt for hytteabonnetar

Har du ikkje hytteabonnement i SIM,
skal du ikkje kaste avfall her.

STOPP!

Dersom du ikkje er hytteabonnet let
du andre betale for ditt avfall.

Området kan vera kameraovervaka.
Misbruk kan bli meldt.



Takk for at du
respekterer ordninga!



SIM

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON

Rydd strender i Sunnhordland

Alle som ynskjer å rydda strender andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova kan søkje om å få sekker som kan leverast kostnadsfritt til ein av våre miljøsentralar. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

Påmelding skjer via SIM si nettside. Etter påmelding får du tilbakemelding om aksjonen er godkjent og du kan hente og levere sekker på ein av våre miljøsentralar.

Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemdar
- Arrangør av tilstelling

Strandryddestøtte

Det er òg mogeleg å søkje om støtte til ryddinga. SIM har 300 000 kroner til utdeling kvart år. Desse er øymerka lag og organisasjonar som rydde strender i ein av SIM sin eigarkommunar. Les meir på vår nettside, www.sim.as.

Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2026 skal dei møtast fredag 24. april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall.

(Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå www.sim.as for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.)

Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlninga. Lova slår vidare fast at det er *vegeigar* som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv *daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon* eller liknande skal setja opp boskorger på sitt område, sørgja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. *Arrangør av tilstelling eller stemne* skal sørgja for opprydding etter arrangementet.

Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

* Offentlege høgtidsdagar, heilagdagar, påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00

Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00.

Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00

Fredag kl. 09.00–15.00

Laurdag kl. 09.00–14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Tysdag og torsdag kl. 10.00–18.00.

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM